
Studiekvalitetsmelding for 2021

*Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)
Mangfaldsinstituttet*

Pandemi og digital vs. fysisk undervisning

Den førre studiekvalitetsmeldinga fekk tilleggsnamnet «unntakstilstandsåret». 2021 har også i svært høg grad vore prega av pandemien og dei vekslingane det har vore mellom digital og fysisk undervisning. Dette har tært på både studentar og undervisarar. Sjølv om mange studentar har ytra ønske om meir fysisk undervisning, melder undervisarar frå om at der det har vore tilbod om hybride løysingar, har det møtt svært få studentar i undervisningslokala. I nokre tilfelle har dette ført til at tilbodet blir gjort heildigitalt. Vidare ser vi ein stor auke i søknadar om tilrettelegging av undervisninga der studentane ber om at det blir tatt lyd- eller filmopptak av undervisninga som blir lagt ut i Mitt UiB. I nokre tilfelle er dette allereie praksisen, og då er det uproblematisk å innvilge. I andre tilfelle blir dette ikkje innvilga grunna undervisningsoppleggets karakter, eller av omsyn til studentane som møter fysisk i undervisninga. I hovudsak blir hybrid undervisning omtala som av dårlegare kvalitet enn rein fysisk eller rein digital undervisning.

Det er naturleg at ein kan sjå kva for delar av den digitale omlegginga vi kan gjere oss nytte av i framtida, men ein må tenke over kva for type undervisning vi ønsker å ha. På den eine sida er det veldig fleksibelt å kunne ha eit digitalt tilbod som opnar for at studentar som sit andre stadar enn i Bergen, kan vere UiB-studentar. På den andre sida krev dette ei heilt anna oppfølging. Hausten 2021 prøvde vi for første gong ut eit heildigitalt «campusemne» ved innføringa av eit nytt emne som òg blir tilbode som del av Prisme-porteføljen. Her var undervisningsopplegget meir eller mindre identisk, og opplegget har vore vellukka. Vi kjem meir inn på dette seinare i meldinga.

Ressursavhengig studiekvalitet og fagleg samarbeid

Vi har halde fram med tydeleg fokus på ressursbudsjettering, og LLE2022 er eit prosjekt som har gitt resultat. Vi har tydeleg inntrykk av at fagmiljøa tar på alvor at undervisningsmengda må stå i samsvar med dei tilgjengelege undervisningsressursane dersom det ikkje skal gå ut over forskningstida. Men vi ser òg tydeleg at for dei små fagmiljøa, er det vanskeleg å stå inne for store kutt utan at det kjennest som om at studentane får eit dårlegare tilbod enn dei studentane som går på program som høyrer til større fagmiljø. Dette er det ikkje noka lett og rask løysing på, og vi er spente på korleis arbeidet med ny bemanningsplan skriv fram. Det er tydelege oppmodingar om å sjå til nærskyldte fagmiljø ved instituttet for utveksling av undervisningskrefter og tverrfagleg samarbeid. Til dømes er språkvitskap ein disiplin som alt leverer emne til andre studieprogram ved UiB. Dette er eit samarbeid vi oppmuntrar til, men samtidig er det viktig at dei programma miljøa leverer emne til, ikkje får legge for store føringar på korleis emnestorleiken er eller kva for semester undervisninga blir lagt til dersom dette fører til ulempe for språkvitskapsmiljøet. Fagmiljøet i språkvitskap blir òg oppmoda om å oppsøke fagmiljøet i nordisk språk for å diskutere undervisningssamarbeid. Vi har gjeninnført ein tidlegare praksis med dialogmøte med fagmiljøa. Her har fagmiljøa fått bestillingar i forkant som vi ber dei ta med inn i møtet, og særleg dette med undervisningstilbod i tråd med ressursane som er

tilgjengelege. Gjennom desse møta blir det jo òg tydeleg at fagmiljøa har ulike utfordringar, men alle fagmiljøa opplever nok sjølve at ressursane ikkje strekk til. Det har blitt lagt fram forslag om felles undervisning for dei prosjektførebuande emna på master, og dette er noko vi ønsker å ta opp i UUI. Vidare er det planar om å opprette eit felles innføringsemne for bachelorprogramma i digital kultur, kunsthistorie og teatervitskap.

Studiekvalitet og frikjøp

Generelt ser vi at der dei vitskapleg tilsette blir frikjøpte til større eller mindre forskingsprosjekt, påverkar dette stabiliteten og kontinuiteten i undervisninga. Det same gjeld naturlegvis ved permisjonar og sjukmeldingar. Vi får inn godt kvalifiserte vikarar (men det er ikkje alltid like lett å rekruttere til kortvarige vikariat, og heller ikkje på kort varsel), men i enkelte fagmiljø, har store delar av undervisninga og oppfølginga blitt gitt av mellombels tilsette som er inne for kortare eller lengre periodar. Dette fører til at studentane ikkje nødvendigvis veit kven som er dei rette å vende seg til. Vidare vil eventuelle meir langsiktige idear for studieprogramma ikkje kunne realiserast før større delar av den faste staben er på plass. Det er naturlegvis svært gledeleg at forskarane våre får midlar og tildelingar, men dersom det er fleire tildelingar i eitt fagmiljø, kan det bli sårbart for undervisningsressursane.

Forskningsbasert undervisning

All undervisning ved instituttet er forskningsbasert. På grunnemna er det naturlegvis lågare frekvens av utskifting av pensum, men i fordjupingsemna og masteremna har vi i stor grad «ferskvarekurs» der den emneansvarlege legg opp pensum og tematikk etter forskning dei held på med.

Eksterne fagfellar

Vi manglar framleis ekstern fagfelle for språkvitskap, men fagmiljøet har fått ny påminning om dette, og dei har ei liste med kandidatar som dei vil arbeide vidare med. Dei har òg alt lagt planar for kva dei ønsker at den eksterne fagfellen skal sjå på. For dei andre programma har vi etablerte avtalar, og vi har òg fått ein del fleire rapportar enn tidlegare. Likevel ser vi at vi godt kan ha meir fokus på denne delen av studiekvalitetsarbeidet ved instituttet. Og vi planlegg å ta dette opp på neste UUI-møte. Vidare ønsker vi å tilbakeføre hovudoppfølgingsarbeidet til studiekonsulentane for programma. Lenge har studieleiar halde mest i desse trådane grunna den store studieadministrative utskiftinga og pandemi.

Fagutvalsarbeid

Sidan førre studiekvalitetsmelding blei skriven, har vi fått starta opp att det semestervisse frukostmøtet med fagutvala, og representantar frå studieadministrasjonen har deltatt på møte med fagutvalsrepresentantar, som har fått reetablert eit instituttutval, som har ansvaret for å velje representantar til Instituttrådet og Utval for undervisning og internasjonalisering. Vidare har dei ansvaret for å fordele instituttets pott på 55.000 kroner til fagutvalsarbeid som skal kome studentane ved instituttet til gode. Instituttutvalet har sendt oss ei oversikt over korleis pengane blir fordelte for inneverande semester, og dei vil sende ei tilsvarande oversikt for neste semester etter at dei pengane har blitt fordelte etter søknad frå dei aktive fagutvala. Vi har god tru på at dei fagmiljøa som ikkje har eigne fagutval, no vil få betre støtte til å starte opp dette arbeidet. Fleire av fagutvala arrangerte fagkritisk dag no i mars, der fleire av dei vitskapleg tilsette deltok. Instituttet brukte av pandemimidlane til å dekke enkel servering ved nokre av arrangementa. Vi har omarbeidd og reaktivert ei nettside for studentrepresentasjon og fagutvalsarbeid ved instituttet:

<https://www.uib.no/1le/62694/studentrepresentasjon-og-fagutvalg>

Nytilsette og undervisning

Det har vore mange nytilsetjingar ved instituttet på vitskapleg side, både i mellombelse og faste stillingar. Ikkje alle som kjem til instituttet, har eit stort fagmiljø, og det ligg nok ein del taus kunnskap som ikkje nødvendigvis blir vidareformidla til dei som kjem inn. Dette ønsker vi å kome i forkjøpet ved å vise til nettsida vi har laga for dei som skal undervise ved instituttet (eller universitetet) for første gong. Denne sida ligg føre på både norsk og engelsk:

<https://w3.uib.no/nb/lle/137226/informasjon-til-ansatte-som-skal-undervise-f%C3%B8rste-gang>

Undervisningsassistentar som studiekvalitetsfremjande tiltak

Instituttet har sett stor pris på midlane fakultetet årleg set av til undervisningsassistentar. Vanlegvis set òg instituttet av ein eigen pott, men i 2022 har budsjettet til LLE vore langt skinnare enn vi hadde håpa på. Då var det særleg gledeleg at vi fekk tildelt pandemimidlar også i år. Fagmiljø og studentar er veldig positive til ordninga, og det er noko som blir etterspurt. For 2022 bestemte instituttleiinga seg for å gjere ei fordeling av timar til fagmiljøa, og at fagmiljøa/programstyra sjølve skulle bestemme korleis desse timane skulle nyttast. Det er med på å styrke den faglege autonomien, og det blir då fordelt meir hensiktsmessig i fagmiljøet enn då dei einskilde emneansvarlege sende inn søknadar til instituttet.

Emne- og programevalueringar

Vi minner jamleg om årlege eigenvurderingar av emne og program, fokus på syklusar for treårige emneevalueringar og tydeleggjering av kor viktig dette arbeidet er for studiekvaliteten. Vidare understrekar vi at desse rapporteringane er heilt essensielle for dei femårige programevalueringane. Vi opplever at rapportar og evalueringar i stor grad kjem inn, men vi har nok ein del å gå på når det gjeld å oppdatere studiekvalitetsbasen. Også dette (som ved fagfellevurderingane) kan nok skuldast at dei studieadministrative rutinane for studiekvalitetsarbeidet i nokon grad har forvitra gjennom stor turn-over i administrasjonen. Vi ser for oss at dette (og fagfellevurderingar) kan vere tema for eit studieadministrativt seminar. I 2021 leverte allmenn litteraturvitskap femårsevalueringa si på nytt for bachelor- og masterprogrammet, og digital kultur leverte for sine program. Instituttet sette stor pris på at representantar for fakultetssekretariatet deltok på møte med begge fagmiljøa for å snakke om desse programevalueringane. Digital kultur hadde fått klarsignal frå instituttet til å levere sine evalueringar på engelsk. Seinare blei det klargjort frå fakultetet at dette ikkje var ønskeleg, men instituttet ønskte ikkje å gå tilbake på det som hadde blitt formidla før, sidan arbeidet alt var godt i gang på engelsk. Men i framtida vil naturlegvis alle våre programevalueringar bli leverte på norsk. I 2022 er det klassisk filologi som skal skrive femårsevalueringar for sine studieprogram, og instituttet har formidla at det vil kome ei bestilling frå fakultetet.

Studieadministrasjon og studiekvalitet

Stabiliteten i studieadministrasjonen har framleis ei stigande kurve, men sjukmeldingar og utskifting av vikarar og fast tilsette er framleis noko som er med på å legge større arbeidsbyrde på dei som har arbeid her lengst. Pandemien har òg i 2021 påverka den meir naturlege, daglege praten på gangen for erfaringsutveksling. Men vi har likevel tydeleg inntrykk av at terskelen er låg for å kontakte kvarandre digitalt.

Det er naturlegvis vanskeleg å planlegge stabilt og føreseieleg når det stadig kjem nye føringar frå myndigheitene for kva som er lov under gjeldande tiltak. Likevel har det vore ønskeleg at universitetet i større grad kunne ha avventa dei mange endringane som måtte gjerast i timeplanen på kort varsel for både studentar og tilsette. Studieadministrasjonen har brukt mykje intens arbeidstid i elles travle periodar (eksamenstid og semesterstart), tid som elles kunne ha blitt brukt på kvalitativ kontakt med studentar og fagmiljø.

UiB-hjelp som kontaktflate for studentførespurnader, som nyleg har blitt innført, blir opplevd som ei unaudsynt tungvinn løysing då den naturlege samtaleflyten som har skjedd via e-post, kjennest meir oppstylda i eit «kundesørvis»-grensesnitt. Eventuelle føremonar med eit slikt system, veg i liten grad opp for ulempene. Særleg norskkurs- og EVU-administrasjonen har hatt utfordringar her. Og saker som ligg tildelte til enkeltpersonar, blir ikkje like lett oppdaga som når e-postar i fellesinnboksar låg tagga på gjeldande studiekonsulent. Slik det då blir no, vil studentar måtte vente unaudsynt lenge på respons ved til dømes sjukefråvære i administrasjonen.

Enkeltemneopptaket er framleis forholdsvis nytt. Det er ønskeleg med ein tydeleg statistikk for studiepoenginnteninga her. Det er ein del førespurnader og forventingar knytt til dette tilbodet, kanskje særleg etter at digital undervisning har vore ein del av arbeidskvardagen under pandemien. Ein del studentar forventar at den fulle breidda av emne er tilgjengeleg, og førespurnader blir retta til både vitenskapleg og administrativ stab. Enkelte forventar òg at emna er lagt opp på same måte som enkelte av EVU-tilboda våre.

Rapporteringar frå fagmiljøa om studiekvalitetsarbeid

LLE har ein stor programportefølje. I tillegg til at dei fleste fagmiljøa har både bachelor- og masterprogram (og tre av fagmiljøa har òg opptak til årsstudium (som er identisk med 100-nivået i bachelorprogramma)), har vi fleire EVU-tilbod. Vi har fått inn eigenvurderingar (som har veldig varierende omfang) frå alle fagmiljøa unntatt digital kultur, men dei har levert femårsrapportar.

Klassisk filologi

Klassisk filologi har bachelorprogram i klassisk filologi med studieretningar i gresk og latin og masterprogram i gresk og latin.

For bachelorprogrammet blir det meldt at studiestrukturen deira nok kan forenklast, men at dei ikkje har fått negative tilbakemeldingar. Vidare ønsker dei å etablere ei meir kulturhistorisk orientert studieretning i tillegg til tradisjonelt filologiske studieretningane. Denne studieretninga ønsker dei å vidareføre inn i eit nytt mastertilbod i mellomalderleg kulturhistorie. Også denne i tillegg til eksisterande tilbod.

Allmenn litteraturvitskap

Allmenn litteraturvitskap har bachelor- og masterprogram.

For bachelorprogrammet blir det meldt om gode tilbakemeldingar på undervisninga. Nokre tekniske og logistiske utfordringar knytte til digital undervisning. Fagmiljøet melder elles at dei har gjort endringar i undervisninga på 100-nivå som oppfølging av tidlegare tilbakemeldingar frå studentar. Mellom anna har dei reindyrka kursa sine i større grad, og hatt meir fokus på seminarundervisning. Dette har gitt gode resultat i tilbakemeldingane. For masterprogrammet blir det meldt om uro knytt til at mange av masterstudentane ikkje leverer til normert tid. Dei skriv: «Det bør [...] være en konstant oppmerksomhet omkring veilederforholdet og at studentene må oppfordres til å skrive ferdig masteroppgaven sin.» Dei melder òg at dei planlegg endringar i to av emna på masternivå etter tilbakemelding frå ekstern fagfelle. Her er planen å gjere det eine emnet om til eit førstesemesteremne vigd til litterær analyse, medan prosjektførebuinga blir flytta til eit kurs i andre semester som då følgeleg ikkje berre kan vere eit teorikurs.

Dei nordiske disiplinane

Bachelor- og masterprogram i nordisk språk og litteratur

Bachelor- og masterprogram i norrøn filologi

Bachelorprogram i norsk som andrespråk

Lektorutdanning med master i nordisk

Erfaringsbasert master i undervisning med fordjuping i nordisk
PPU i nordisk språk og litteratur, og i norsk som andrespråk
EVU-tilbod i norsk som andrespråk og nordisk språk og litteratur (Prisme, Fjernord og KFK)

Programstyreleiar melder at rammevilkåra for undervisning ikkje har vore ideelle grunna dei vekslende smittevernregima. Men dei har hatt både digital og hybrid undervisning. Samla vurdering er likevel at gjennomføringa av undervisning har vore tilfredsstillande, sjølv om det også har vore litt tekniske utfordringar knytte til mellom anna strøymefunksjon frå undervisningslokala. Dei melder at det bør settast i verk tiltak frå hausten av sidan studentane har vent seg til å kunne få undervisninga anten strøymd eller i opptak. Det har òg vore låg deltaking på emneevalueringane. Vidare skriv han *Andre tilbakemeldinger angår strukturen på lektorprogrammet, hovedsaklig forholdet mellom fordypningseminene på masternivå og studentenes praksisperioder. Tiltak må her settes inn på et overordnet nivå, for eksempel gjennom innføringen av et rent praksissemester ved lektorprogrammene på HF.*

Når det gjeld norrønt særskilt, har den eine fast tilsette vore ute i forskingstermin og permisjon, medan den andre gikk av med pensjon. Difor har det i stor grad vore vikarar inne, og koordinering av emna har først lege på programstyreleiar og deretter på undervisningskoordinatoren på instituttet. Vidare har studiekonsulenten for norrønt vore sjukmeld ein lengre periode, så studieleiar er per no inne som studiekonsulent. Vi ser behovet for ei forenkling av emnestrukturen som han er no, men dette må den faste staben ta stilling til når nokon har blitt tilsett (utlysing kjem snarleg) og den andre faste er ferdig i permisjon. Noko som er positivt for studentmiljøet, er at det har blitt etablert eit eige fagutval for norrønt. Dei er aktive og ønsker tydeleg fokus på arbeidslivsrelevans, noko dei tematiserte på fagkritisk dag.

Hausten 2021 blei emnet NORAN109 – Testing og vurdering av språkferdigheiter omgjort til eit heildigitalt tilbod. Dette er eit fempoengsemne som er ein fast del av bachelorprogrammet. Grunnen til at emnet har blitt endra, er at det har vore etterspurnad frå studentane som tar Prisme-emna. Det har vore ønskeleg med kompetanse i også denne tematikken. Sidan norsk som andrespråk er eit hard pressa fagmiljø med få tilsette, blei løysinga å lage dette kombinerte tilbodet. Dei som tar emnet som EVU-studentar, betaler for tilbodet, medan campusstudentane tar emnet som ordinær del av sitt program. Emnet blir følgeleg ikkje lagt ut i enkeltemneopptaket på lik linje med dei andre campusemna som har likt fagleg innhald som andre Prisme-emne. Emneansvarleg skriv i evalueringa av emnet:

NORAN 109 har vært gjennomført som et campustilbud siden 2005. I løpet av våren 2021 ble NORAN109 og NORAN 609 digitalisert (forelesninger, podcaster, oppgaver ol. ble spilt inn og gjort tilgjengelig digitalt) for å nå ut til et større antall studenter og for å lette gjennomføringen siden lærerkreftene til dette kurset alltid har blitt hentet utenfra (ansatte ved Norsk språktest, senere Kompetanse Norge). Fra 2021 er Cecilie Hamnes Carlsen (HVL) ansatt i 10% som faglærer på disse kursene.

Faglærer og de andre involvertes inntrykk er at NORAN109/609 fungerte godt, særlig tatt i betraktning at det var første gang det ble gjennomført. Det vi opplevde som noe utfordrende, skyldes i all hovedsak oppstartsproblemer, som at ikke alt materiale var tilgjengelig for studentene ved studiestart, og at vi trengte å gjøre oss noen erfaringer både når det gjaldt formen på de månedlige zoom-møtene med studentene/faglærer, arbeidskrav og arbeid i studiegrupper. Dette har vi et godt utgangspunkt for å forbedre f.o.m. høsten 2022. Basert på tilbakemeldingene fra studentene og erfaringene til de involverte, er det utarbeidet et plan for hva som skal forbedres.

Begge emnene er evaluert av studentene, og det var høy svarprosent. Hovedinntrykket er at studentene i all hovedsak var fornøyde med kurset/ene, både med det digitale innholdet, med de månedlige zoom-møtene med faglærer, og med arbeidet i studiegruppene. Svakheter skyldes stort sett at emnene var nye: Ikke alt materialet/informasjonsidene var helt klare ved semesterstart høsten 2021, så de ulike modulene ble publisert litt etter litt utover høsten. Flere studenter meldte tilbake at dette gikk noe ut over fleksibiliteten i studiet Vi har blitt enige om følgende endringer:

- *Alle modulene publiseres ved semesterstart*
- *Det legges ut en oversikt med anbefalt litteratur/progresjon gjennom semesteret*
- *Eksamensinformasjon med tidligere eksamensoppgave + sensorveiledning legges ut i egen modul*
- *Materialet suppleres med noen nye forelesninger*
- *Det legges opp til et halvdagsseminar i sanntid om vurdering av språkproduksjon som en del mente de ikke fikk nok trening i*
- *Studentgruppene settes sammen basert på studentenes arbeidserfaring*
- *Vi slår sammen de to små arbeidskravene til ett litt større arbeidskrav*
- *Tilbakemelding på arbeidskrav bør gis ikke kun av medstudenter, men av faglærer (her trengs det forsterkninger, for eksempel av masterstudenter dersom studenttallet er høyt)*
- *Zoom-møtene med faglærer gjennomføres som miniforelesninger over emner faglærer velger + tid til spørsmål fra studentene*

Kunsthistorie

Kunsthistorie har bachelor- og masterprogram.

Også fagkoordinator for kunsthistorie melder tilbake om usikkerheit knytt til fysisk vs. digital undervisning, men snittet har vore greitt på bachelornivå. Dei har ikkje opplevd større fråfall enn normalt, og dei får gode tilbakemeldingar på seminarundervisninga. Hausten 2021 starta det første kullet på det reviderte bachelorprogrammet. Programmet har førebels ikkje blitt evaluert av ekstern fagfelle sidan dei nye emna hadde oppstart no i vår, men programstyret og fagmiljøet følgjer opp implementeringa. Vidare skriv fagkoordinator:

Dersom det skal vurderes intensiv undervisning i emner på bachelornivå, og kanskje særlig på 100-nivå, bør det sees nærmere på hvordan dette løses, i tillegg til når eksamen plasseres. Det er forbedringspotensiale i informasjon til studentene om hvilke emner og hva slags tilbud som eksisterer på 200-nivå. Valgfriheten på 200-nivå bør opprettholdes, og det bør sørges for at masterstudenter kan ta emner på 200-nivå (emner med bacheloroppgave).

Om masterprogrammet skriv fagkoordinator:

2021 har ikke vært det beste året for masterprogrammet i kunsthistorie. Dette skyldes blant annet sykemeldinger og stor grad av frikjøp i den faste staben, og spesielt vårsemesteret 2021. Det har allikevel lyktes fagmiljøet å gjennomføre programmet på en akseptabel måte til slutt.

Ekstern fagfelle har levert rapport om masterprogrammet for 2021. Det trekkes fram forbedringsområder i emnebeskrivelser, programbeskrivelser og vurderingsformer.

Vurderingsformene i andre semester på master er ikke helt samkjørte. Det har vært 3 større, skriftlige arbeider som skal leveres mot slutten av semesteret. Vurderingsformen i KUN321 har blitt endret i 2021. Våren 2022 blir første gang med ny vurderingsform, med muntlige innlegg i stedet for skriftlige oppgaver. Programstyret har høsten 2021 gått gjennom masterprogrammet for å se på mulige forbedringer. Alle emnene får endringer fra og med høsten 2022.

Programstyret ser fram til å starte med de nye emnebeskrivelsene på masternivå fra og med høsten 2022.

Teatervitskap

Teatervitskap har bachelor- og masterprogram

Teatervitskap har utfordringar knytte til ressursituasjonen. Våren/sommaren 2021 bad dei om å få sleppe å tilby emnet SAS14 - *Norwegian Art, Theatre and Cultural Studies - Scandinavian Area Studies*. Dette emnet har vore eit samarbeidsprosjekt mellom kulturvitskap, kunsthistorie og teatervitskap, men teatervitskap har hatt emneansvaret. For teatervitskap sin del har dette vore ei ekstrabelastning på ein allereie pressa stab. Grunna misforståingar og tilbakemeldingar som forsvann, blei det ikkje oppdaga før semesterstart at instituttet og fagmiljøet ikkje hadde fått løyve til å ikkje tilby emnet. Teatervitskap og kunsthistorie gjorde ein stor innsats for å få på plass eit undervisningsopplegg på svært kort varsel, og kulturvitskap bidrog med to forelesingar. Det blei så gjort forsøk på å få i gang eit revisjonsprosjekt av emnet, og AHKR blei bedne om å delta. Der skulle det òg vere ein revisjon av SAS13, så det var naturleg at desse tilboda blei sett på samtidig. Diverre fekk vi melding frå kulturvitskap om at dei ville trekke seg frå samarbeidet. I lys av denne informasjonen og ressursituasjonen på teatervitskap, bad instituttet igjen fakultetet om løyve til å legge ned emnet. Som motyting vil kunsthistorie tilby eitt av emna sine (med liknande innhald) på engelsk, og frå og med hausten 2023 håpar LLE at vi har fått på plass det felles innføringsemnet for teatervitskap, kunsthistorie og digital kultur. Emnet er no lagt ned. Vidare har teatervitskap fått ein uventa avgang. På dialogmøtet med teatervitskap blei fagmiljøet oppmoda om å sjå til dei andre disiplinane på instituttet for samarbeid.

Fagkoordinator for teatervitskap skriv dette om bachelorprogrammet:

I våren har undervisningen delvist vært digital, mens den i høsten med enkelte undtagelser er gjennomført fysisk, hvilket har vært gledelig for studentene. Vi har grundet pandemien ikke haft oppmøteplikt. Pandemien og en streike blant teateransatte har givet utfordringer for programmets praksissamarbeide med teaterinstitusjonene. Den digitale undervisning vurderes dog til at have fungeret godt etter forholdene. Gjennomføringen av programmet vurderes av programstyreleder som god. Henholdsvis 13 og 17 studenter gjennomførte emner på 100 nivået vårsemesteret, i høstsemesteret henholdsvis 15 og 14 studenter de to 100-emnene. På 200-nivået gjennomførte 8 studenter TEAT211 og i alt 7 gjennomførte i TEAT252/253 i vårsemesteret. Den samlede gjennomføringen vurderes som god, især i betraktning av pandemiens utfordringer. Det er en positiv utvikling, at antallet av studerende er stigende. 17 studerende møtte i 2020, 22 studerende i 2021. Ca. 20 studenter anses som et passende antall. Der er aktuelt 45 aktive studenter på bachelorprogrammet.

Det samlede programmet er ikke studentevaluert og programmet er ikke vurdert av ekstern fagfelle i 2021. Enkeltemner evalueres løpende i henhold til et oppsatt evalueringshjul. I 2021 har det hovedsakelig vært undervisernes egevalueringer samt muntlige evalueringssamtaler med de studerende, som generelt har vært positive. Det er ikke gjort noen funn i emneevalueringene i 2021

som gjør at det må iverksettes akutte tiltak. En tilbakevenden til de ordinære eksaminer vurderes at ville have en gunstig effekt. Emnebeskrivelsen evalueres og vurderes løpende.

Vi ønsker fremover at styrke de studerendes akademiske skrivekompetenser, herunder anvendelse av pensum, analyse og selvstendighet. Dette vil vi fremover fokusere mer på i undervisningen og spesielt gjennom studentaktive læringsformer. Vi vil fremover videreutvikle samarbeidet med fagbibliotekar ved UBB, som vil kunne bidra til å styrke studentenes skriftlig-akademiske kompetanse. Skriveworkshops på TEAT112 og TEAT252/53 er derfor særdeles viktige.

Om masterprogrammet skriv fagkoordinator:

I våren gjennomførte 2 av 3 opmeldte eksamen i TEAT303 med flotte resultater. TEAT303 blev gjennomført digitalt. 1 studerende gjennomførte TEAT310 Yrkesrelatert praksis trods korona-restriksjoner, og 1 studerende gjennomførte TEAT311. 3 studenter blev opptaget i høsten 2021, herav valgte en at skifte studie kort etter semesterstart. De resterende 2 gjennomførte eksamenene på TEAT301 med høyeste karakter, 1 godkjent og 1 ikke godkjent på TEAT302. Ved utgangen av 2021 hadde programmet i alt 8 registrerte studenter. Gjennomføringen av undervisningseminene er god, og de studerende er meget aktivt deltagende, hvilket viser seg i de gode eksamensresultater. Men veiledningssituasjonen er krevende og belastende for fagmiljøets skrøbelige ressursregnskap.

Det samlede programmet er ikke studentevaluert. Enkeltemner evalueres løpende i henhold til et oppsatt evalueringshjul. I 2021 er undervisernes evalueringer supplert med muntlige evalueringssamtaler med de studerende. De studerende uttrykker stor tilfredshet med undervisningen. Især vil fagmiljøet fremheve de gode muligheter for forskningsbasert undervisning i TEAT301 og TEAT303. Fagmiljøet vil fremover utvide samarbeidet med fagbibliotekar, for å styrke de studerendes skriftlige kompetenser og øke rettidig gjennomføring av TEAT350 masteroppgaver. Det er ikke gjort noen funn i emneevalueringene i 2021 som gjør at det må iverksettes tiltak.

Programmet har gjennomgått ekstern fagfelleevaluering i 2021.

Veiledningsressurser, især i TEAT350 masteroppgave, er en til stadighet en utfordring med få ansatte. Fagmiljøet arbeider med mulighetene for å øke rettidig gjennomføring via utvikling av undervisnings- og veiledningsinnsats i dette emnet. Ovennevnte samarbeide med fagbibliotekar eller for eksempel i form av veiledningsseminarer med peer-feedback.

Språkvitskap (lingvistikk)

Språkvitskap har bachelor- og masterprogram

Programstyrelse skriv om bachelorprogrammet:

Gjennomføring av undervisning

Mestparten av undervisningen ble gjennomført på digitale plattformer mens en mindre del ble gjennomført i undervisningsrom med avstandsregler. Selv om det var få tekniske problemer med fjernundervisning, ble avstanden mellom foreleser og studentene opplevd som stor. Strømming og opptak bidro til at studenter ikke møtte.

Studentenes innsats

Evalueringer viser blandet innsats fra studentenes side. En relativt stor andel studenter leste ikke hele pensumet, kom ikke på forelesningene, kunne ikke delta på undervisningen pga. arbeid eller andre kurs, prøvde aldri å løse oppgaver, deltok ikke på breakout rooms for å løse oppgaver, kom ikke forberedt og var på andre måter ikke tilstrekkelig engasjert i studiene, selv om studentene sa de likte

oppgavene og undervisningsformen.

Planlagte endringer

Det kompliserte nye formatet for mappeevaluering på LING111 skapte utfordringer for både lærer og studentene. Det er ikke noe tilstrekkelig ressursgrunnlag for denne svært lærerintensive vurderingsformen. Programstyret ser seg nødt til å endre vurderingsformen i tråd med tilgjengelige personalressurser. På ett emne (LING123) var studentgruppen veldig heterogen mht. forkunnskapene. Dette skyldes et visst overlapp mellom emner. Programstyret ser seg nødt til å innføre studiepoengsreduksjon.

Strykprosent og frafall

Strykprosenten ligger mellom ca. 3 % og 18 % avhengig av emnet. Det ble meldt opp til 25 % frafall før eksamen. Men på LING123 fikk halvparten A eller B, noe som kan tyde på at enten var eksamen for lett, eller noen studenter hadde betydelig større forkunnskaper enn andre (jf. ovenfor).

Undervisningsressurser

Fra høsten 2021 var faggruppen underbemannet og måtte engasjere en ekstra lærer i ca. en halv stilling. Det er behov for å øke de permanente stillingsressursene tilsvarende. I tillegg ble det brukt undervisningsassistenter, noe som ble opplevd som nyttig, men mindre nyttig enn en tilsvarende økning i permanent stillinger hadde vært.

Og om masterprogrammet skriv han:

Gjennomføring av undervisning

Mesteparten av undervisningen ble gjennomført på digitale plattformer mens en mindre del ble gjennomført i undervisningsrom med avstandsregler. Selv om det var få tekniske problemer med fjernundervisning, ble avstanden mellom foreleser og studentene opplevd som stor. Strømming og opptak bidro til at studenter ikke møtte. Til DASP310 ble Google Colab brukt pga dette var mest effektivt. Det er uheldig at ikke UiB har en tilsvarende god, men ikke-kommersiell IT-løsning.

Studentenes innsats

Det var god innsats fra studentenes side. En relativt stor andel studenter er innreisende og hadde noen problemer med å bli vant til det norske systemet, men de kom seg fort.

Planlagte endringer

DASP307 ble opplevd som nyttig, men kunnskapene og ferdighetene kan med fordel integreres i andre emner. Programstyret vil foreslå å utvide LING311 med kunnskaper og ferdigheter om språkvitenskapelig skriving. Noe om skriving bør også integreres i LING255 bacheloroppgave. Kunnskapene og ferdighetene i LING310 ble opplevd som nyttige, men ikke i LING305, slik at innholdet av sistnevnte bør revurderes.

Strykprosent og frafall

Strykprosenten og frafall er relativt lave.

Undervisningsressurser

Faggruppen er kronisk underbemannet og måtte engasjere en vikar til LING305. Det hadde vært bedre å heve faggruppens faste ressurser til det minimum som skal til for å garantere permanent god kvalitet på studieprogrammene.

Digital kultur

Digital kultur har bachelor- og masterprogram

Digital kultur har ikke levert eigenvurderingar for 2021, men vi viser til dei femårige programevalueringane som er til handsaming i studiekvalitetskomiteen ved Det humanistiske fakultet.

I året som kjem, vil vi arbeide vidare med

- å oppretthalde og fokusere på den gode kontakten med studentane gjennom fagutvalsarbeidet
- å oppretthalde fokuset på emne- og programevalueringar
- å styrke dei studieadministrative rutinane for studiekvalitetsarbeidet
- å sette fokus på dei eksterne fagfellane og viktigheita av arbeidet dei gjer
- å fokusere på tverrfagleg samarbeid på instituttet
- å sjå på emne- og studieplanporteføljen og sjå kvar det kan gjerast gode endringar i hardt pressa fagmiljø

Gjennomføring

Tabellane nedanfor er trekte ut frå tala i Tableau. Utdraga er gjorde for å sjå etter overordna tendensar når det gjeld gjennomføring. Etter tabellane kjem det ei kort utgreiing om hovudtendensane.

Bachelorprogram

Gjennomføring for BA-studentar med oppstart 2018 med normert tid for gjennomføring 2021.

Situasjonen for 2017 er sett i parentes

Program	Studentar ved oppstart 2018 (2017)	Studentar som har gjennomført etter 6 semester	Gjennomføring i prosent etter 7 semester	Gjennomføring i studentar etter 7 semester	Aktive studentar i 8. semester
Litteraturvitskap	39 (41)	16 (18)	44 (51)	17 (21)	2 (3)
Digital kultur	67 (46)	25 (10)	48 (33)	32 (15)	5 (1)
Klassisk filologi	3 (5)	1 (1)	33 (20)	1 (1)	- (-)
Kunsthistorie	18 (17)	4 (9)	21 (59)	4 (10)	1 (2)
Norrøn filologi	1 (8)	1 (2)	100 (25)	1 (2)	- (1)
Nordisk	13 (17)	3 (6)	23 (50)	3 (6)	- (1)
Norsk som andrespråk	13 (11)	4 (2)	29 (18)	4 (2)	1 (-)
Språkvitskap	19 (22)	2 (7)	21 (14)	4 (3)	2 (4)
Teatervitskap	13 (20)	6 (9)	46 (50)	6 (10)	- (1)

Masterprogram

Gjennomføring for MA-studentar med oppstart 2019 (haust) med normert tid for gjennomføring 2021.

Tala for 2018 er sett i parentes.

Program	Studentar ved oppstart 2019 (2018)	Studentar som har gjennomført	Gjennomføring i prosent	Aktive studentar etter 6 semester
Digital kultur ¹	7 (7)	6 (6)	86 (86)	1 (1)
Gresk	- (-)			
Latin ²	4 (-)	2 (-)	50 (-)	1 (-)
Kunsthistorie	9 (9)	4 (6)	44 (67)	5 (3)
Lingvistikk ³	4 (7)	0 (2)	0 (29)	3 (-)
Litteraturvitskap	7 (11)	3 (8)	43 (67)	2 (4)
Norrøn filologi ⁴	4 (-)	1 (-)	25 (-)	1 (-)
Nordisk ⁵	16 (12)	10 (10)	63 (83)	4 (1 ⁶)
Teatervitskap ⁷	6 (8)	2 (5)	33 (63)	3 (5)

Nordisk lektorutdanning (MA)

Gjennomføring for studentar på lektorutdanninga på nordisk med oppstart 2016 med normert tid for gjennomføring 2021.

Her har vi ikkje fått ut nøyaktige tal frå Tableau. Prosentfordelinga er henta frå menyvalet for «Antall studenter – fullføring og frafall». Vi viser då til dei to startåra 2015 med normert avslutning 2020, og 2016 med normert avslutning 2021:

Prosentvis fordeling av studentar som fullfører ein grad for opptaksåret 2015 og 2016. Tala for 2016 står bak skråstreken:

Normert: 29% / 31%

Pluss 1 sem: 39% / 39%

Pluss 2 sem: 45% / 42%

Pluss 3 sem: 48% / 44%

¹ Har opptak både haust og vår, men flest om hausten. Tok opp 3 studentar haust 2020.

² Har opptak både vår og haust. Her blir vår og haust slått saman. 3 studentar begynte v19, og 1 student begynte h19.

³ Har opptak både haust og vår, men tar opp flest studentar om hausten. Oversikten gjeld opptak i haustsemester 2019 (2018).

⁴ Norrøn filologi har opptak både vår og haust. Her blir vår og haust 2019 slått saman. Dei har også tatt opp 5 studentar frå og med v2020 til v2022.

⁵ Nordisk tar opp masterstudentar både haust og vår. Her er berre haust 2019 og 2018 tatt med.

⁶ Etter 8. semester.

⁷ Teatervitskap tar opp masterstudentar både haust og vår. Her blir opptak for vår og haust slått saman for 2019 med tala for 2018 i parentes.

Det begynte 31 studentar på studiet h2015 og 39 studentar h2016. Ut frå prosentfordelinga har då 15 av 31 studentar blitt ferdige frå 2015-kullet, mens 17 av 39 studentar har blitt ferdige frå 2016-kullet.

Erfaringsbasert master i undervisning med fordjuping i norsk

Gjennomføring for studentar på erfaringsbasert master i undervisning med fordjuping i norsk med oppstart 2016. Dette er eit deltidsstudium der normert tid for gjennomføring er 4 år. Studentane som blei tatt opp 2017, skulle etter normert tid vere ferdig i 2021.

Her har vi ikkje fått ut nøyaktige tal frå Tableau. Prosentfordelinga er henta frå menyvalet for «Antall studenter – fullføring og frafall». Vi viser då til dei to startåra 2016 med normert avslutning 2020, og 2017 med normert avslutning 2021:

Prosentvis fordeling av studentar på fullfører ein grad for opptaksåret 2016 og 2017. Tala for 2017 står bak skråstreken:

Normert: 50% / 10%

Pluss 3 sem eller meir: 50% / 30%⁸

Det begynte 7 studentar på studiet h2016 og 10 studentar h2017. Ut frå prosentfordelinga har då 4 av 7 studentar blitt ferdige frå 2016-kullet, mens 3 av 10 studentar har blitt ferdige frå 2017-kullet.

Det er beklageleg at vi ikkje har fått ut nøyaktige tal frå Tableau når det gjeld dei to lektorutdanningsprogramma.

Kommentar

Programma på BA-nivå

Dei større BA-programma med meir enn 15 studentar ved oppstart i 2018, har ein gjennomføringsprosent frå 21 prosent i Språkvitskap og Kunsthistorie til 48 prosent i Digital kultur. Trass i auka opptak har Digital kultur også auka gjennomføring frå 2017 til 2018.

Litteraturvitskap har ein liten nedgang både når det opptakstal og gjennomføring, med 17 uteksaminerte studentar og ein gjennomføringsprosent på 44.

Kunsthistorie har hatt ei negativ utvikling. Etter eit opptak på 18 studentar er det 4 som har gjennomført etter 7 semester. Det gir ein gjennomføringsprosent på 21 mot 59 for kullet som blei tatt opp i 2017. Dette er ei markert endring.

Språkvitskap har eit stort opptak av studentar. Av 19 studentar som blei tatt opp i 2018, har 4 gjennomført etter 7 semester. Det gir ein gjennomføringsprosent på 21. For begge dei to kulla som er vist ovanfor, er det særskilt stor forskjell mellom studentopptak og uteksaminerte kandidatar.

Nordisk har tre disiplinfaglege program på BA-nivå. I 2018 tok norrønt opp ein student. Denne studenten gjennomførte på normert tid. Nordisk språk og litteratur tok opp 13 studentar i 2018. Av dei har 3 studentar gjennomført. Dette gir ein gjennomføringsprosent på 23. På nordisk har det vore ein tydeleg nedgang med tanke på gjennomføring målt mot kullet som blei tatt opp i 2017. Norsk som andrespråk tok opp like mange studentar som nordisk og har uteksaminert ein kandidat meir.

⁸ For 23017-kullet gjeld talet bak stråstreken fullføring etter pluss 2 semester.

Målt mot kullet som blei tatt opp i 2017 har gjennomføringa auka frå 2 til 4 uteksaminerte kandidatar. Det gir ein gjennomføringsprosent på 29.

Teatervitskap tok opp tydeleg færre studentar i 2018 samanlikna med i 2017. I 2018 tok dei opp 13 studentar mot 20 i 2017. Det har også vore ein nedgang i talet på uteksaminerte studentar, med 6 uteksaminerte kandidatar på 2018-kullet mot 10 kandidatar på 2017-kullet. Gjennomføringa målt i prosent er relativt stabil.

Klassisk tok opp 3 studentar i 2018. Ein av desse har gjennomført programmet.

Programma på MA-nivået

Dei disiplinaglege masterprogramma har studietal frå 0 til 16 ved opptaket hausten 2019. Gresk tok ikkje opp studentar. Latin tok opp 4 studentar i 2019. 2 av desse har gjennomført. Lingvistik tok opp 4 studentar, men ingen har gjennomført programmet.

Kunsthistorie tok opp 9 studentar i 2019. 4 studentar har gjennomført mot 6 frå 2018-kullet.

Litteraturvitskap tok opp 7 studentar i 2019 mot 11 studentar i 2018. 3 av studentane har gjennomført mot 8 frå kullet før. På litteraturvitskap har det vore ein tydeleg nedgang både i opptakstal og gjennomføring frå 2018 til 2019.

Teatervitskap tok opp 6 studentar i 2019 mot 8 studentar i 2018. Her har 2 studentar gjennomført mot 5 frå året før. Gjennomføringa vil venteleg stige då det framleis er 3 aktive studentar på kullet. Her har det likevel vore ein tydeleg nedgang frå 2018 til 2019.

Digital kultur tok opp 7 studentar i 2019. 6 har gjennomført. Situasjonen er identisk med kullet som blei tatt opp i 2018. Hausten 2020 hadde digital kultur eit opptak på 3 studentar på MA. Dette går ikkje fram av tabellen ovanfor, men ein noterer dette som eit lågt tal i lys av utviklinga i faget elles.

Nordisk har to disiplinaglege program på masternivå. Norrønt tok opp 4 studentar i 2019. Av desse har 1 student gjennomført programmet. Nordisk språk og litteratur tok opp 16 studentar i 2019. 10 studentar har gjennomført. Ein noterer seg ein nedgang i prosentvis gjennomføring i høve til kullet frå 2018, men det er framleis 4 aktive studentar på programmet.

Profesjonsfaglege program

Lektorutdanninga og det erfaringsbaserte masterstudiet er begge profesjonsfaglege program tilknytt nordisk. Gjennomføringa i lektorprogrammet er relativt stabil og nærmar seg 50 prosent. Det var ein stor auke i opptakstal med 31 studentar i 2015 mot 39 studentar i 2016. Ein registrerer ei positiv utvikling i lektorutdanninga.

Det erfaringsbaserte programmet hadde også ein auke i opptak frå 7 studentar i 2016 til 10 studentar i 2017. Her har gjennomføringa gått noko ned, men det er forventa at fleire av studentane frå 2017-kullet vil gjennomføre studiet.

Oppsummering

LLE er eit samansett institutt. Dette avspeglar seg også når det gjeld studieprogram og gjennomføring. Nokre program har utfordringar med tanke på rekruttering. Nokre program har utfordringar med tanke på gjennomføring. Tala i oversikta kan hjelpe oss til å stimulere fagmiljøa til å sette inn målretta tiltak, sjølv om vi må vere merksame på at fagmiljøa berre har avgrensa moglegheiter til å påverke til dømes spørsmål om rekruttering. Tala kan også gi oss peikepinnar om her finst kompetanse og undervisningsressursar som kan utnyttast betre i tverrfagleg kompetanseutvikling. Leiinga vil følgje opp dette i dialog med fagmiljøa på LLE.

Undervisning og gjennomføring på emnenivå går ikkje fram av denne oversikta. Mange fagmiljø har enkeltemne med til dels høge studenttal. Dette vil gi uttelling i form av produksjon av studiepoeng, men då for kandidatar som følger andre program. Det er ei utfordring at her finst fleire program som har låg rekruttering over tid.

Nordisk har eit samansett tilbod av program. Kjernefaget nordisk språk og litteratur har vesentleg betre gjennomføring på masternivå enn på bachelornivå. Samstundes fungerer bachelornivået som rekrutteringsarena for masternivået. Mange motiverte studentar med gode føresetnader søker seg elles inn på lektorprogrammet. Dette kan vere ein mogleg årsak til mishøvet mellom bachelornivå og masternivå når det gjeld nordisk språk og litteratur.

Faga har ulike utfordringar. Digital kultur er til dømes eit særst sterkt fagmiljø som har konjunkturane på si side. Utfordringa her er å utvikle eit studietilbod som står på høgd med statusen når det gjeld forskning. Då faga er så ulike og har ulike utfordringar, må dei også følgast opp individuelt. For å nå fram til gode løysingar og gode tilbod, er det viktig å finne den rette balansen mellom impulsar frå leiinga og autonomi i fagmiljøa.

Universitetet i Bergen 24.03.2022

Heming Helland Gujord
undervisningskoordinator

Signe Nilssen
studieleiar